

Frekhaug 19.09.19

Til Meland Kommune

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Postboks 79

5906 Frekhaug

GBNR 22/16 -Søknad om fritak frå mellombels bygge- og deleforbod innanfor områdeplanen Mjåtveitstø-Dalstø

Innleiing:

Ny søknad om fritak gjeld søknad om tillatelse til tiltak for riving av eksisterande bustad , oppføring av ny bustad og garasje på Gnr. 22 Bnr. 16. Den nye bustaden er plassert der den eksisterande står som vist på situasjonsplan. Utval for drift og utvikling gav i vedtak datert 19.2.19 mellombels bygge- og delingsforbod for heile området som er under regulering. Vår søknad om tillatelse til tiltak ligg innanfor dette området.

Grunngjeving for fritak:

Vedlagt utsnitt frå forslag til infrastruktur i områdeplanen Dalstø .Mjåtveitstø viser vegtrase inn i område B-9 . Plankartet viser korleis ny avkjørsel til Gnr 22/16 er løyst på ein måte som tilfredsstillar krav i PBL. Ard arealplan som arbeider med områdeplanen har i vedlagt dokument bekrefta at Gnr. 22/16 ikkje vil koma i konflikt med ny vegtrase`. På grunn av krav til stigning på vegen vil den ikkje under nokon omstende kunne koma nærare ny omsøkt bustad. Eigar av Gnr 22/16 har angått avtale med Furefjellet Invest AS om sal av det areal som er naudsynt til infrastruktur i området.

Konklusjon:

I vedtak frå UDU sak 16/2019 står det blant anna:

Når vedtak om plassering av infrastruktur i området er endeleg avgjort, kan grunneigarar søkje om fritak frå forbodet, jf. pbl § 13-1 tredje ledd. Fritak vil bli gitt viss det er avklart at omsøkt bygging ikkje vil få konsekvensar for planlagt infrastruktur i området.»

Sjølv om det formelt ikkje er gjort endeleg vedtak om plassering av infrastruktur meiner me at erklæring frå Ard og vedlagt utsnitt frå forslag til plankart viser at omsøkt bygging ikkje vil få konsekvensar for planlagt infrastruktur i området. Avtale om kjøp av areal sikrar gjennomføring av infrastruktur i området.

Eit fritak frå dette forbodet vil derfor ikkje medføra nokon negativ verknad på den nye områdeplanen . Sidan grunneigar har inngått avtale med utbyggjar som sikrar gjennomføring av

Frekhaug 19.09.19

infrastruktur vil saka vil heller ikkje skapa uheldig presedens for tilsvarande søknader, snarare tvert imot.

På bakgrunn av dei opplysningar som er gitt meiner me søknad om tiltak for riving av eksisterande bustad og oppføring av ny bustad og garasje må få fritak frå forbodet.

Vedlegg:

- Kart
- Erklæring frå Ard
- Erklæring frå grunneigar

Ansvarleg søkjar

.....

KNUT HENANGER

Meland kommune, Byggesaksavdelinga

Bergen 18.09.19

Eigedomstilhøve for gnr 22 bnr 16 i forslag til områdeplan Dalstø Mjåtveitstø, Meland kommune

Eigedom gnr 22 bnr 16 er lokalisert innanfor planområdet for arbeidet med områdeplan for Dalstø Mjåtveitstø i Meland kommune. Vi vil presisera at søknad om tiltak på eigedomen ikkje vil kome i konflikt med forslag til områdeplan og planlagd vegtrasé.



Aslaug Sæther
Plankonsulent
Ard arealplan as



Frekhaug 18.09.19

Erklæring om avtale for kjøp av eidegom.

Eigarar av Gnr. 22 Bnr. 16 Magne Grønhaug og Sigrun Margrete Grønhaug bekreftar med denne erklæring at det er inngått avtale med Furefjellet Invest AS om kjøp av areal frå eidegomen som sikrar gjennomføring av infrastruktur til området B-9 i områdeplanen Mjåtveitstø-Dalstø.

Dato: 18/9-19.....

Magne Grønhaug.....

MAGNE GRØNHAUG

Sigrun Grønhaug.....

SIGRUN MARGRETE GRØNHAUG